



Arkivnr: 2015/2548-11  
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		01.10.2015

## Kunst- og kulturformidling i skulen - Honorar til utøvarar

### Samandrag

Heilt sidan Den kulturelle skolesekken vart oppretta har honorar til utøvarar vore eit tema. Storleiken på løn/honorar har variert frå uttrykk til uttrykk, og frå fylke til fylke. – Ein krevjande situasjon, ikkje minst for utøvarane. Fylkeskultursjefskollegiet og eit breitt samansett kunstnarnettverk sette ned kvart sitt forhandlingsutval som etter fleire møter våren 2012 konkluderte med ein rammeavtale for oppdrag for Den kulturelle skolesekken.

21. august 2012 gjorde KURE vedtak om at rammeavtalen skulle leggjast til grunn for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med kunst- og kulturformidlinga til born og unge i fylket. I etterkant forhandla Rikskonsertane og Musikaranes fellesforbund fram høgare satsar for musikkarar på turne i skulen, og musikkarane får såleis høgare løn/honorar enn utøvarar innan til eksempel visuell kunst eller litteratur.

Regjeringa varsla 18. august i år ny organisering av Den kulturelle skolesekken og Rikskonsertane sentralt. Det ligg i mandatet til den nye nasjonale eininga at den skal føre forhandlingar med utøvar- og rettighetsorganisasjonar.

I starten av 2015 forhandla Akershus fylkeskommune og kunstnarnettverket fram ny rammeavtale. Med bakgrunn i endringane som er varsla sentralt, ser Fylkesrådmannen det som lite hensiktsmessig å sjølv gå i forhandling med kunstnarnettverket. Vi meiner likevel at det er trong for å oppjustere satsane, og vil derfor foreslå at vi sluttar oss til satsane Akershus fylkeskommune har forhandla fram, gjeldande frå 1. august 2015. Auken i satsane er på mellom 5 og 5,6%. Den vert dekt av tildelte spelemidlar og vil ikkje påverke tilbodet i skulen negativt, snarare styrke kvaliteten.

Akershus sin rammeavtale er truverdig, og vi foreslår at denne vert tilpassa og implementert i Hordaland. Kostnadane til auka honorar vert å hente frå den statlege ramma til den kulturelle skulesekken.

### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune aukar satsane for løn og honorar til utøvarar i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon og Rikskonsertane kjem i tillegg.
2. Nye satsar pr 1. august 2015:
  - Løn: kr 2 730,- (pr formidlingsdag), og kr 416,- (pr time for avtalt førearbeid).
  - Honorar: kr 3 508,- (pr formidlingsdag), og kr 534,- (pr time for avtalt førearbeid).
3. Hordaland fylkeskommune tilpassar og implementerar rammeavtalen forhandla fram av Akershus fylkeskommune og kunstnarnettverket.
3. Ny avtale og nye satsar gjeld frå 1. august 2015. Det er ikkje lagt opp til ny justering pr. 1. januar 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 17.09.2015

Heilt sidan Den kulturelle skolesekken vart oppretta har honorar til utøvarar vore eit tema. Storleiken på løn/honorar har variert frå uttrykk til uttrykk, og frå fylke til fylke. – Ein krevjande situasjon, ikkje minst for utøvarane. Fylkeskultursjefskollegiet og eit breitt samansett kunstnarnettverk sette ned kvart sitt forhandlingsutval som etter fleire møter våren 2012 konkluderte med ein rammeavtale for oppdrag for Den kulturelle skolesekken.

21. august 2012 gjorde KURE vedtak om at rammeavtalen skulle leggjast til grunn for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med kunst- og kulturformidlinga til born og unge i fylket. I etterkant forhandla Rikskonsertane og Musikaranes fellesforbundet fram høgare satsar for musikkarar på turne i skulen, og musikarane får såleis høgare løn/honorar enn utøvarar innan til eksempel visuell kunst eller litteratur.

Rammeavtalen vart ikkje implementert i alle fylker, men satsane vert nytta. Årsaken til dette er at den i sin heilskap ikkje fungerer like godt for alle. Til eksempel er tilhøva for turnering i nordlige deler av landet svært forskjellig frå tilhøva i sørlege deler.

Partane skulle innan 1. april 2013 forhandle om revisjon av rammeavtalen, og nye satsar skulle gjelde frå 1. august same år. Men det har ikkje vore kontinuitet i dette arbeidet, og avtalen har blitt ståande uforandra sidan 2012.

I starten av 2015 forhandla Akershus fylkeskommune og kunstnarnettverket fram ny rammeavtale for Akershus. Ordlyden er i liten grad endra, men satsane er auka og ligg nærare dei som Rikskonsertane og Musikaranes fellesforbund har forhandla fram. Akershus tok avtalen i bruk 1. august i år, og vil justere satsane ytterlegare pr. 1.1. 2016.

Regjeringa varsla 18. august i år ny organisering av Den kulturelle skolesekken og Rikskonsertane sentralt. Førebels ligg sekretariatet for Den kulturelle skolesekken i Kulturrådet. For å sikre tettare samarbeid mellom skule- og kultursektor, høgare og jamnare kvalitet på tilboda, og vidareutvikling av ordninga innanfor alle uttrykk, får dagens Rikskonsertane nytt og utvida mandat, nytt namn og nye oppgåver som ei nasjonal eining for alle kunstuttrykka i Den kulturelle skolesekken. Det ligg i mandatet til den nye nasjonale eininga at den skal føre forhandlingar med utøvar- og rettighetsorganisasjonar.

Med bakgrunn i endringane som er varsla sentralt, ser Fylkesrådmannen det som lite hensiktsmessig å sjølv gå i forhandling med kunstnarnettverket. Vi meiner likevel at det er trong for å oppjustere satsane, og vil derfor foreslå at vi sluttar oss til satsane Akershus fylkeskommune har forhandla fram, gjeldande frå 1. august 2015. Vi legg ikkje opp til ny justering pr. 1. januar 2016. Tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon og Rikskonsertane kjem i tillegg. Akershus sin rammeavtale er truverdig, og vi foreslår at denne vert tilpassa og implementert i Hordaland.

Det betyr følgjande endring pr 1. august 2015:

- Løn pr formidlingsdag: kr 2 730,-
- Løn pr time for avtalt førearbeid: kr 416,-
- Honorar pr formidlingsdag: kr 3 508,-
- Honorar pr time for avtalt førearbeid: kr 534,-

Auken i satsane er på mellom 5 og 5,6%. Den vert dekt av tildelte spelemidlar og vil ikkje påverke tilbodet i skulen negativt, snarare styrke kvaliteten.